

# Kommunearkivordninga i Vestland KO

Årsrapport for 2025

<b>1. Styret si oppsummering</b> .....	<b>3</b>
<b>2. Økonomi</b> .....	<b>4</b>
2.1. Budsjett og rekneskap 2025 .....	4
2.2. Fondsutvikling.....	5
<b>3. Organisasjon</b> .....	<b>6</b>
3.1. Deltakarar .....	9
3.2. Representantskap.....	9
3.3. Styret.....	9
3.4. Tilsette .....	2
3.5. Styring og kontroll av verksemda .....	3
<b>4. Rådgjeving</b> .....	<b>4</b>
4.1. Arkivdanning og dokumentasjonsplan.....	4
<b>5. Depot</b> .....	<b>6</b>
5.1. Mottak av papirarkiv og nytt arkivbygg .....	6
5.2. Mottak av elektronisk skapte arkiv.....	8
5.3. Arkiv skapt før 1964 .....	10
5.4. Arkiv skapt etter 1964 .....	11
<b>6. Digitalisering og ordning</b> .....	<b>11</b>
6.1. Digitalisering .....	12
6.2. Ordning .....	13
<b>7. Arrangement</b> .....	<b>13</b>
<b>8. Formidling</b> .....	<b>14</b>
<b>9. Satsingar og kompetanseheving</b> .....	<b>16</b>
9.1. Intern kompetanseheving .....	16
9.2. Regionale og nasjonale arkivnettverk .....	17

# 1. Styret si oppsummering

Kommunearkivordninga i Vestland KO (KAV) er eit kommunalt oppgåvefelleskap etter kommunelova § 19-1. Føremålet til samarbeidet er å leggje tilhøva til rette for at arkiva til deltakarane vert handtert, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova sine føremål og føresegner. Samarbeidet skal sørge for at arkiva til deltakarane vert gjorde tilgjengelege for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle føremål.

Rekneskapen viser at vi har eit prosjektfond som sikrar vidare drift av digitaliserings- og ordningsoppdraga vi har avtalar på, og eit driftsfond som vaks seg stort over ein periode med stillingsvakansar. Målet for KAV er ikkje å gå med overskot, men å gå i null, og styret laga difor ein plan for bruk av driftsfondet på ein måte som kjem heile oppgåvefelleskapet til gode i perioden 2024-26. Vi er i gong med fleire av desse tiltaka, men er litt på etterskot ved utgangen av 2025. Vi vil justere denne planen fram mot budsjettprosessen på hausten 2026. Vi jobbar samtidig kontinuerleg med å finne gode løysingar for å halde driftskostnader for deltakarane så lave som mogeleg.

Administrasjonen ved dagleg leiar har delegert ansvar for dagleg drift, og KAV vert drive i tråd med føremålet, vedtekter, årsbudsjett og andre vedtak og retningslinjer fastsett av representantskapet. KAV har som mål å ha eit godt arbeidsmiljø for alle tilsette. HMS, kvalitet, beredskap, IKT-tryggleik og personvern med meir vert ivareteke gjennom avtale med Vestland fylkeskommune som er arbeidsgjevar for dei tilsette og vertskap for KAV.

I rekneskapen synleggjer vi både vanleg drift og prosjektarbeid som er finansiert av prosjektmidlar. Vi har også lagt inn verdien av tenester vi yter som vert kompensert av ikkje-økonomiske tenester frå fylkeskommunen. Avtalen med fylkeskommunen om disponering av tilsette og andre praktiske bidrag vart revidert i 2025, og summene er difor noko endra.

Dei samla inntektene for 2025 var på kr. 14 806 057, og av dette var eigartilskot kr. 3 723 049 og depotleige kr. 2 966 911. Dei samla utgiftene var på kr. 14 813 091. Negativt resultat på kr. 7 034 er foreslått dekkja av driftsfondet.

Styret vil takke tilsette for godt utført arbeid i 2025.

Vilkår for vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen. Den framlagde rekneskapen gir ei korrekt framstilling av KAV sin økonomiske situasjon.

Kjetil Felde (Vestland fylkeskommune), leiar

Lise Mari Haugen (Sunnfjord kommune), nestleiar

Geir Liavåg Strand (Gloppen kommune)

Linda A. Myhre Larsen (Kinn kommune)

Liv Janne Steig (Luster kommune)

Kjetil Felde (Vestland fylkeskommune)

## 2. Økonomi

### 2.1. Budsjett og rekneskap 2025

	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Rekneskap 2024	Notar
<b>INNETEKTER</b>				
Eigartilskot	3 723 049	3 298 500	3 159 826	1
Depot	2 966 911	3 132 800	2 954 608	1
Ikkje-økonomiske bidrag frå Vestland fylkeskommune	1 540 000	1 853 800	1 780 800	2
Refusjon sjukeløn, tapt arbeidstid med meir	81 015		88 141	
Kompensert mva.	185 806	123 000	118 592	
Inntekter prosjekt	5 301 608	1 000 000	3 566 346	3
Anna sal av varer og tenester	87 200	115 000	129 695	4
Inntektsføring fond	920 468	3 505 700	284 138	5
Andre inntekter				
<b>TOTALSUM INNETEKTER</b>	<b>14 806 057</b>	<b>13 028 800</b>	<b>12 082 146</b>	
<b>UTGIFTER</b>				
Tenester til Vestland fylkeskommune, kompensert av ikkje-økonomiske bidrag	1 540 000	1 853 800	1 780 800	2
Løn og pensjon faste tilsette	8 889 897	9 097 300	8 362 395	6
Løn og pensjon engasjement	519 172	725 300	0	7
Driftsutgifter	1 619 480	1 332 400	1 336 736	8
Utgifter prosjekt	55 858	20 000	0	9
Avsetjing til prosjektfond	2 188 684	0	695 624	10
<b>TOTALSUM UTGIFTER</b>	<b>14 813 091</b>	<b>13 028 800</b>	<b>12 175 555</b>	
<b>RESULTAT</b>	<b>-7 034</b>	<b>0</b>	<b>-93 409</b>	<b>11</b>

#### Notar til rekneskapen

1) Eigartilskot og depotleige vart regulert med 4,1 % for 2025, i tråd med kommunal deflator. Ein revisjon av samarbeidsavtalen mellom KAV og VLFK har gitt ei justering av verdien av dei ikkje-økonomiske tenestene og kontingenten fylkeskommunen betaler. Samla sett på eigartilskot, depotleige og ikkje-økonomiske bidrag budsjetterte vi med om lag 55 000 kr meir i inntekter enn det vi fekk inn.

2) Verdien av dei ikkje-økonomiske bidraga KAV får frå VLFK vart justert i ny tenesteavtale. Den største endringa er at den delen av stillinga til seksjonssjefen ved seksjon arkiv som var rekna inn her, ikkje lenger er med som ein ressurs inn i KAV.

3) I 2025 signerte vi avtalar på fleire nye prosjekt, og vi avslutta også ein del større pågåande prosjekt. Summen her er difor større enn budsjettet. Desse inntektene går til løn til prosjektmedarbeidarar på ordning og digitalisering, og vert fordelt ut over fleire år. I 2025 slutførte vi digitalisering av byggesaksarkiva til Førde og Hyllestad, og starta opp med Bremanger sitt byggesaksarkiv og eit personalarkiv frå Gulen. Vi signerte ein ny digitaliseringsavtale i 2025, om eigeomsarkivet til Hordaland fylkeskommune, og fleire ordningsavtalar, med Høyanger, Bremanger, Kinn, Fjaler, Stad og Årdal.

I tillegg fekk vi kr. 50 000 frå Arkivverket for å jobbe med prosjektet Samarbeid om auka brukarkompetanse for oppslag i historiske data. KAV jobba for å styrkje kompetansen hjå saksbehandlarar på innsyn i historiske datasett.

4) KAV tok kostnadene for konferanse på Skei hotell våren 2025 og vidarefakturerte kommunane.

5) I 2025 har vi inntektsført kr. 920 468 frå driftsfondet for å dekke engasjementsstilling på kr. 519 172, omdisponering av prosjektmedarbeidarar til driftsoppgåver på kr. 181 882 og innkjøp av skannarutstyr til kr. 219 414. Dette er i tråd med vedtak i styre og representantskap.

6) Dette dekker alle fast tilsette, inkludert dei som er finansiert av ordnings- og digitaliseringsoppdrag. Av dette utgjer løn til prosjekt kr. 3 007 066.

7) Vi tilsette ein person i engasjement i to år, men personen gjekk over i 60% stilling før sommaren, difor brukar vi mindre enn budsjettet på denne posten.

8) Driftsutgiftene er ein del høgare enn budsjettet. Dette er mellom anna fordi vi kjøpte inn skannarutstyr til kr. 219 414 og fordi vi kjøpte inn ein del ekstra utstyr i samband med at vi tok i bruk det nye arkivbygget. Dersom vi ser vekk frå postane kontorutstyr og mva-kompensasjon har vi brukt mindre enn budsjettet på drift.

9) Kostnader knytt til digitalisering og ordning er bakt inn i driftskostnadene, men vi held styr på kva rekviritakostnader og andre kostnader som vert fakturert på prosjekta, og trekk frå denne summen når vi reknar ut overskot på prosjekt. I 2025 var denne summen på kr. 55 858.

10) Differensen mellom totale prosjektinntekter (note 3 og note 5) og utgifter til prosjekt note 6 og 9) vert sett over på prosjektfond.

11) Driftsunderskot for 2025 på kr. 7 034 vert dekkja av Kommunearkivordninga sitt driftsfond.

## 2.2. Fondsutvikling

Prosjektfondet er midlar som går til å dekke digitaliserings- og ordningsprosjekt som vi utfører på oppdrag for deltakarkommunane. Driftsfondet er oppsparte midlar frå periodar med underforbruk. Frå 2023 fram til no har vi hatt ein plan for å bruke desse midlane til å få løyst nødvendige oppgåver i ein krevjande periode med nytt arkivbygg og høgt arbeidspress. Dette har vore med på å halde kostnadane nede for deltakarkommunane i denne perioden. Vi held fram med å bruke av driftsfondet også i 2026 og 2027, i tråd med tidlegare vedtak, men med ein justert tidsplan.

Driftsfondet pr. 31.12. 2024	2 830 411
Overskot 2024 som var ført på driftsfond 1.1.2025	-93 409
Bruk av driftsfond 2025	-920 468
Driftsfondet pr. 31.12.2025 (før resultat 2025)	1 816 534
Underskot som vert dekket av driftsfondet 2025	-7 034
Driftsfondet pr. 1.1.2026 (etter resultat 2025)	1 809 500
Prosjektfondet pr. 31.12. 2024	2 213 339
Inntekstføring frå prosjektfond i 2025	0
Avsetjing til prosjektfond i 2025	2 188 684
Status prosjektfond 31.12.2025	4 402 023
Totale fondsmidlar ved utgangen av 2025	6 211 523

### 3. Organisasjon

Kommunearkivordninga i Vestland KO består av 18 kommunar frå tidlegare Sogn og Fjordane og Vestland fylkeskommune.<sup>1</sup> Vestland fylkeskommune er vertskap, og alle som jobbar for oppgåvefelleskapet er tilsett i fylkeskommunen. Vi har sidan starten vore organisert saman med tidlegare Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, og utgjer no saman med dei som jobbar med private arkivsamlingar frå heile Vestland, seksjon arkiv i Vestland fylkeskommune.

Ein svært viktig milepåle for arkivsamarbeidet kom på plass når nytt arkivbygg stor klart hausten 2025.



<sup>1</sup> Fylkesvaraordførar Stian Davies klypte snora og erklærte nybygget for offisielt opna i ordningsrommet. Kunstverket av Henrik Wergeland, den første riksarkivaren, er ei gåve frå arkivfagmiljøet i Hansaparken i Bergen. F.v. ordførar i Sogndal, Stig Ove Ølmheim, fylkesvaraordførar Stian Davies og leiar for seksjon arkiv, Arnt Ola Fidjestøl. (Foto: Javad Montazeri/Vestland fylkeskommune)

KAV tok i bruk det nye arkivbygget allereie på slutten av sommaren, og det var offisiell opning 30. oktober. Bygget har om lag 20 000 hyllemeter og skal romme både privatarkiv, arkiv frå bedrifter, lag og organisasjonar og arkiv frå kommunane i fylka. Det er fleire spesialrom for arkiv og ein infrastruktur rigga for å handtere digitale og analoge kjelder. Bygget har kosta om lag 113 millionar kroner å få på plass. Det skal sikre nødvendig arkivkapasitet for både Vestland fylkeskommune og for kommunar i fylket.



*2 Vi har hatt fleire omvisingar på det nye arkivbygget i 2025, mellom anna for inviterte gjester i samband med offisiell opning i oktober. Men allereie i mai fekk hovudutval for kultur sleppe inn i det som då framleis var ein byggeplass.*

### **Satsingsområde for 2025 og oppfølging av desse:**

- **Implementere ny tenesteavtale med VLFK**

Vi reviderte samarbeidsavtalen mellom Vestland fylkeskommune og Kommunearchivodninga i Vestland i mars 2025.<sup>ii</sup>

Avtalen gjeld samarbeidet sin rett til å disponere tilsette i fylkeskommunen og andre praktiske bidrag frå fylkeskommunen som deltakar. Fylkeskommunen sine utgifter til dei praktiske bidraga er frådrag som skal trekkast frå fylkeskommunen si årlege bidragsplikt. Dersom desse utgiftene overstig bidragsplikta, skal samarbeidet kompensere fylkeskommunen økonomisk. Utgiftene til dei fylkeskommunalt tilsette som samarbeidet disponerer, vert dekkja direkte av samarbeidet, og er ikkje del av reknestykket.

Den største endringa i revidert avtale med vedlegg er at seksjonsleiar ved seksjon arkiv si halve stilling ikkje lenger inngår som del av fylkeskommunen sitt bidrag. Ut over dette har avtalen vorte oppdatert og ein har lagt inn nye verdivurderingar i vedlegget.

- **Sette oss inn i endringar i lov og forskrift som vedkjem våre medlemmar og vårt fagområde.**

Lov om dokumentasjon og arkiv (arkivlova) vart vedteke i stortinget i juni 2025 og gjeld frå 1. januar 2026. Ei ny arkivlov medfører også at vi får ny arkivforskrift. Lova seier at Nasjonalarkivet kan gi forskrift om kva dokumentasjon som skal bevarast for ettertida, jf. § 12 andre ledd, andre punktum.

Innspel til arkivlova vart sendt inn i samband med høyring i 2022.<sup>iii</sup> I slutten av oktober sendte vi inn høyringssvar til ny arkivforskrift.<sup>iv</sup> I korte trekk signaliserte vi at vi jamt over er samde og nøgde med det som ligg føre i forskrifta. Men når det kjem til prosess, meiner vi at inkludering av det kommunale arkivmiljøet var for låg og høyringsfristen for kort. Vi etterlyser også meir informasjon om konsekvensar av fråfall i krav av NOARK-standarden for kommunale arkivskaparar.

I slutten av november sendte vi inn høyringssvar til forskrift om kva dokumentasjon som skal takast vare på for ettertida (bevaringsforskrifta), som skal erstatte kapittel 7 i riksarkivarens forskrift. I vårt korte høyringssvar peika vi igjen på at det er viktig med medverknad frå dei kommunale arkivinstitusjonane. Ein fullstendig revisjon av innhaldet i bevaringsreglane er varsla, og vi vil kome med våre merknader i samband med denne.

I tillegg til våre eigne høyringssvar har vi jobba nasjonalt gjennom vår deltaking i Arkivforbundet. Arkivforbundet var einaste organisasjon som deltok på den muntlege høyringa på Stortinget som fekk gjennomslag for eit endringsforslag: I stortingsbehandlingen vart det skjerpa inn at arkiv skal takast vare på uansett kven som er tenesteleverandør.

Arkivforbundet arrangerte fleire webinar gjennom året, som også våre kommunar kunne følgje. Det var webinar om ny arkivlov i mars, om arkivforskrifta i oktober og om bevaringsforskrifta i november. Alle desse ligg også tilgjengeleg på YouTube.<sup>v</sup>

- **Lage og implementere nye rutinar for alle som nyttar fagsystemet Asta 7 på seksjonen.**

Vi er i gong med å bruke Asta 7 på heile seksjonen. Dette er eit mykje betre verktøy enn det foregåande fagsystemet, men det tek tid å få på plass gode rutinedokument. Målet vårt er at erfaringane våre med Asta, og ikkje minst med mottak gjort i 2025, skal gi oss eit godt grunnlag for å ferdigstille felles rutinar i 2026.

- **Inngå avtale med Nasjonalarkivet om digitalt sikringsmagasin**

Gjennom KDRS har vi digitalt sikringsmagasin for elektroniske arkiv. Dette er ei god løysing som har fungert for oss i mange år. Samtidig jobbar Nasjonalarkivet for å utvikle løysingar som kan fungere som alternativ eller supplement til dette. Vi har ikkje planar om å gå vekk frå KDRS si depot-løysing, men vil samtidig teste ut Nasjonalarkivet si løysing for å sjå korleis vi best kan dra nytte av alle verktøya som eksisterer.

Vi har hatt dialog med Nasjonalarkivet om dette, og har fått tilsendt utkast til avtaledokument. Vi har dessverre ikkje hatt tid til å prioritere å sette i gong med dette i 2025, men det ligg klart til at vi kan jobbe vidare med det i 2026.

- **Inngå avtale med KDRS om bruk av innsynsløysinga KDRS søk og vis**

Vi har inngått avtale om bruk av innsynsløysinga KDRS Søk og Vis til eigne oppslag i data. Vi har også laga ein prismetall utkast til avtalar som kommunane kan inngå med oss for å kunne nytte sjølvbetjent innsyn gjennom KDRS Søk og Vis i sin kommune. Det er ingen kommunar som har inngått avtalar om dette enno.

### 3.1. Deltakarar

Det var ingen endringar på dette området i 2025, og samarbeidet hadde følgjande deltakarar:

- Askvoll kommune
- Aurland kommune
- Bremanger kommune
- Fjaler kommune
- Gloppen kommune
- Gulen kommune
- Hyllestad kommune
- Høyanger kommune
- Kinn kommune
- Luster kommune
- Lærdal kommune
- Stad kommune
- Sogndal kommune
- Solund kommune
- Sunnfjord kommune
- Stryn kommune
- Vik kommune
- Årdal kommune
- Vestland fylkeskommune

### 3.2. Representantskap

Representantskapet er øvste myndigheit i samarbeidet. Alle deltakarane er representert her. I 2025 vart det halde tre digitale representantskapsmøte, 7. mars, 25. april og 24. oktober.

### 3.3. Styret

I 2025 var desse i styret:

Styremedlemmar

- Kjetil Felde (Vestland fylkeskommune) leiar
- Lise Mari Haugen (Sunnfjord kommune) nestleiar
- Geir Liavåg Strand (Gloppen kommune),
- Linda A. Myhre Larsen (Kinn kommune)
- Liv Janne Steig (Luster kommune)

Varamedlemmar

- Reidun Sørestrand Hågvar (Sogndal kommune)
- Irene Sivertsen (Kinn kommune)
- Solveig Masdal Haugsvær (Sunnfjord kommune)

## 3.4. Tilsette



3 Dei tilsette ved KAV på Kommunearkivkonferanse i Skei våren 2025.

Alle som jobbar for KAV er tilsett i Vestland fylkeskommune. Gjennom gjeldande tenesteavtale disponerte KAV desse stillingsressursane i 2025:

### Fast tilsette

- Sigrun Espe, leiar
- Espen Sæterbø, seniorrådgjevar
- Kristine Rohde, seniorrådgjevar
- Dorthea Rennestraum Alisøy, rådgjevar
- Olav Andersson Haugen, rådgjevar
- Kristian Lilleeng Skjellaug, rådgjevar
- Hege Mari Kolseth, arkivmedarbeidar digitalisering
- Anna Zubkova, arkivmedarbeidar digitalisering
- Anett Ytre-Eide, arkivmedarbeidar digitalisering
- Christina Johanne Høye-Thorvaldsson, arkivmedarbeidar ordning
- Irene Ekrene, arkivmedarbeidar ordning

### Mellombels tilsette, engasjement og tiltak

I tråd med budsjettvedtak tilsette vi ein arkivmedarbeidar i 100%-stilling i to år frå januar 2025. Arkivmedarbeidaren jobba 100% for KAV fram til august, då gjekk ho over i ei 60%-stilling for å kunne bidra på fageining for ikkje-offentlege arkiv i 40%. Dette er positivt for samarbeidet mellom dei to fageiningane, for formidlingsarbeidet til KAV, og gir verdifull arbeidserfaring. Tilsetjingsperioden vert forlenga som resultat av dette.

Grunna langvarig sjukefråvær hadde vi ein vikar inne i 50% stilling i tre månader på slutten av året.

Vi har i fleire år hatt gode samarbeid med både NAV og Sogneprodukt om varig tilrettelagt arbeid og arbeidsutprøving. I 2025 har vi hatt tre ulike personar innom i kortare og lengre periodar med arbeidsutprøving, og har fått positive tilbakemeldingar frå alle partar.

### **3.5. Styring og kontroll av verksemda**

Her kan du lese om kontrolltiltak og risikovurderingar, HMS, etikk, varsling og personvern med meir. Alle desse punkta ber preg av at Vestland fylkeskommune er kontorkommune, og alle som jobbar for KAV er fast tilsett i fylkeskommunen. KAV har ein avtale om å disponere desse stillingane. Sjå elles Vestland fylkeskommune si årsmelding for meir informasjon og rapportering.

#### **HR, kvalitet og HMT**

Kvalitet, HMT, beredskap og personvern med meir vert ivareteke gjennom avtale med Vestland fylkeskommune som er vertskap for KAV.

Vi nyttar eit digitalt kvalitetssystem (Styringssystemet for kvalitet og HMT), eit verktøy som sikrar at arbeidsoppgåver og prosessar blir gjennomført på ein heilskapleg måte.

KAV er ikkje eiga journalførande eining, men nyttar sak- og arkivsystema til Vestland fylkeskommune, Elements.

Vestland fylkeskommune har organisert HMT-arbeidet sitt med eit sentralt arbeidsmiljøutval (AMU) for heile fylkeskommunen og lokale AMU på alle skular og i fleire avdelingar og seksjonar. Vi deltek i lokalt AMU for kulturavdelinga på Leikanger. Eit sentralt AKAN-utval jobbar førebyggjande mot rus- og speleavhengigheit. Lokale AMU verkar som lokale AKAN-utval. Desse jobbar med førebyggjande arbeid på systemnivå og handterer ikkje enkeltsaker.

#### **Etikk og habilitet**

Alle som jobbar for KAV følger etiske retningslinjer som gjeld tilsette i Vestland fylkeskommune. Desse skal bidra til høg etisk standard, jf. kommunelova. Dei vart vedtekne av fylkesutvalet i desember 2019. Som offentlege tilsette forvaltar vi verdiane til innbyggerane i Vestland. Vi er avhengige av deira tillit til at vi utfører jobben vår i samsvar med m.a. forvaltningslova og med høg etisk standard.

Tilsette i Vestland fylkeskommune skal vere medvitne om samfunnsansvaret sitt, opptre på etisk forsvarleg vis, og slik at det ikkje skadar omdømet til fylkeskommunen.

#### **Likestilling, likeverd og inkludering**

Aktivitets- og orienteringsplikta er ei plikt for alle arbeidsgjevarar til å jobbe aktivt, målretta og planmessig med likestilling og ikkje-diskriminering, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 26. Vestland fylkeskommune har som mål å vere ein arbeidsplass der det er full likestilling uavhengig av kjønn, og likestillings- og mangfaldsarbeid er ein integrert del av måten fylkeskommunen tenkjer og jobbar på.

KAV hadde i 2025 ein medarbeidarar i deltidsstilling, og to tilsette i vikariat eller mellombels stilling. Deltidsstillinga er sjølvvald, og bruk av mellombelse stillingar er noko vi gjer unntaksvis i denne perioden med nytt arkivbygg og høgt arbeidspress.

Stoda for kjønnslikestilling i KAV er slik: Av dei med fast jobb 31.12.2025 var tre menn og åtte kvinner. Styret bestod på same tidspunkt av to menn og tre kvinner, leiar er mann og nestleiar er kvinne.

Avtalt løn var fordelt slik mellom kjønn 31.12.2025 innanfor dei ulike stillingsgruppene.

Kjønn	Årsløn 31.12.2025
Alle	648 216
Kvinner	621 790
Menn	694 866

### Sjukefråvær

Statistikken for 2025 viser eit sjukefråvær på totalt 11,31%. Dette er ei stor auke frå 2024. Av dette er 9,65% dokumenter med sjukemelding, og 1,66% med eigenmelding. KAV har tett dialog med sjukemeldte, og er ikkje kjende med at sjukefråvær i 2025 er arbeidsplassrelatert.

## 4. Rådgjeving

Kommunearkivordninga gir råd og rettleiing til alle kommunane i oppgåvefellesskapet.

### 4.1. Arkivdanning og dokumentasjonsplan

Arkivdanning er dei prosessane som fører til at arkiva vert skapt. I praksis handlar dette om organiseringa av dokumentproduksjonen og dokumentflyten som høyrer til denne. Det er naudsynt med gode rutinar som sikrar best mogleg forståing av korleis arkiva har blitt skapt i notida og i framtida, i tillegg til at ein følgjer lover og forskrifter.

Medlemskommunane har eit kontinuerleg behov for rettleiing, enten det gjeld bevaring/kassasjon av skapt dokumentasjon, spørsmål knytt til daglegarkiv eller organisering av arkiva.

Arkivplan er eit planleggings- og styringsreiskap for arkiv og forvaltning av dokumentasjon i offentlege organ. Arkivforskrifta § 4 seier at alle offentlege organ skal ha ein arkivplan som er oppdatert og dekkande for arkivholdet slik det vert utført i organet. Vårt arbeid med arkivplan er først og fremst som ein rådgjevar for kommunane.

**Mål for 2025 og oppfølging av desse:**

- **Følgje opp kommunane sitt arbeid med arkivplanar.**

Dei fleste kommunane har gått vekk i frå tradisjonell arkivplan, eller rettare sagt dokumentasjonsplan etter nytt lovverk, og Kommunearkivordninga si rolle er i hovudsak rådgjeving på arkivrutinar og å hjelpe kommunane å få ei systemoversikt. Dei kommunane som

har halde fram med bruk av arkivplan.no har i 2025 ikkje starta arbeidet med revisjon av eksisterande plan, då dei har venta på at lovverket vert godkjend og teke i bruk.

- **Bistå kommunane med å lage oppdaterte systemoversikter.**

Fleire kommunar har no oppdaterte oversikter, men det er framleis behov for arbeid både for å vedlikehalde oversiktene og for å få med dei resterande kommunane. KAV håper at kommunar som er knytte til IKT-fellesskap kan samkøyre arbeidet sitt i dette samarbeidet. Vi jobbar vidare med dette i 2026.

- **Tilby kommunane hjelp i arbeidet med å lage bevarings- og kassasjonsplanar.**

Ny arkivlov vart vedteken i Stortinget i juni 2025, og tilhøyrande forskrifter(arkivforskrifta og bevaringsforskrifta) vart vedtekne seinhaustes. Dette vil sei at frå 1.januar 2026 var nytt lovverk gjeldande. Som følgje av dette har arbeidet med dokumentasjonsplan vore i bero.

- **Etablere dialog med IKT-selskapa som dekker våre kommunar om rutinar for innkjøp av system og deponering av basar.**

Vi har i 2025 hatt betre dialog med IKT-selskapa som dekker våre deltakarkommunar. Vi deltok mellom anna på SysIKT si fagsamling for arkiv 25. og 26. februar. Her snakka vi mellom anna om deponering og oppslag i deponert arkivmateriale.



*4 Kristian Lilleeng Skjellaug presenterer KAV sitt arbeid med ny innsynsløysing.*

## 5. Depot

Kommunearkivordninga er depotinstitusjon for 18 kommunar og fylkeskommunen. Deponering av arkiv er kommunane sitt ansvar, og det er dei som må ta kontakt med oss for å starte denne prosessen. KAV tek så ansvar for mottak, ordning, tilgjengeleggjering og sikring.

KAV handterer førespurnader i alt det deponerte materialet. Førespurnadene kjem i hovudsak frå eigarkommunane, men også frå privatpersonar, og gjeld alle typar arkiv. Det er alltid kommunane eller dei ulike fageiningane i fylkeskommunen som vurderer om innsyn kan gjevast i arkiv som har ei form for klausul. Det som er mest etterspurt er eigedomsinformasjon, rettigheitsdokumentasjon, vegsaker og informasjon frå skulearkiv.

I 2025 handsama vi om lag 400 førespurnader i både administrative arkiv og personregistermateriale. På arkiv som vi har inne til digitalisering behandlar digitaliseringstenesta fortløpande førespurnader og skannar på bestilling til sakshandsamarar i kommunane. Dette kjem i tillegg til den kronologiske digitaliseringa av dei einskilde arkiva.

### 5.1. Mottak av papirarkiv og nytt arkivbygg



Nytt arkivbygg stod klart i 2025. KAV fekk fyrst ta i bruk bygget i august 2025, noko seinare enn estimert. I starten av september opna vi for mottak frå kommunane. Vi tok imot arkiv frå 16 kommunar og Vestland fylkeskommune hausten 2025, om lag 1750 hm i nytt arkivbygg og 620 på Fylkeshuset.

Ein del av arkiva som kom inn i 2025 skulle plasserast på fylkeshuset. Dette er grunnen til at vi i tillegg til alle mottaka flytta godt over 2000 hyllemeter med arkiv som stod på fylkeshuset – enten opp til nytt arkivbygg eller til nyt plassering i magasinet.

I løpet av hausten har rådgjevarar, konsulentar og leiarar «sjaua» om lag 4466 hm med arkiv.

*5 For å plassere arkiv på dei hyllene i det store magasinet nyttar vi stigar og lift.*

## Mål for 2025 og oppfølging av disse:

- **Tilby kurs, rettleie og besøke kommunar med tanke på deponering av papirarkiv.**

Vi gjennomførte webinar om pakking og levering av arkiv til nytt depot for kommunane i februar 2025. I tillegg til dette var deponering av arkiv eit sentralt tema på konferansen vi arrangerte på Skei i april.

Vi har vore på besøk til veldig mange av kommunane for å rettleie og kontrollere arkiv i 2025.

- **Lage detaljert plan for mottak av arkiv i nytt arkivbygg.**

Vi hadde ein detaljert og svært ambisiøs plan for mottak av arkiv hausten 2025. Alle kommunane som var klare og ville deponere arkiv fekk gjort dette før utgangen av året. Kommunane fekk informasjon om planen både gjennom våre formelle kanalar, og gjennom sine kontaktpersonar.

- **Utarbeide nye avtalar med alle kommunane om deponering til nytt arkivbygg.**

Vi har hatt dialog med VLFK om oppstart av leigeavtalar, og har vorte einige om å fakturere kommunane som leigetakarar frå 2026. Vi valde å utsetje arbeidet med eventuelle leigeavtalar i påvente av utfallet av søknaden om å delta i forsøkskommuneordninga, då dette vil endre premissa for samarbeidet noko.



6 Espen Sæterbø og Olav A. Haugen jobba med mottak av arkiv i det nye arkivbygget, hausten 2025.

## 5.2. Mottak av elektronisk skapte arkiv

### Mål for 2025 og oppfølging av desse:

Sakshandsaming i kommunane vert utført på mange ulike plattformer og i fleire system. Dokumentasjon frå desse elektroniske systema vert levert til oss, og vi tek vare på materialet for ettertida. KAV kvalitetssikrar dokumentasjonen frå kommunane før ho vert sendt til sikkert fjerndepot hos KDRS.

KAV nyttar ei god innsynsløysing for alle uttrekk som er formaterte etter NOARK-5-standard. Løysinga gjev gode søkjemoglegheiter, noko som gjer tilgangen til materialet enklare. Elarkivar kan òg, ved behov, setje opp løysinga ute i kommunen.

KAV har tidlegare gjort innsyn i fagsystem manuelt. I 2025 tok vi til å bruke KDRS Søk og vis, ei innsynsløysing utvikla av KDRS. Denne løysinga skal vi tilby til kommunar som har behov for sjølvbetente oppslag i deponerte arkiv. For at løysinga skal fungere best mogleg for kommunane, er vi avhengige av vidareutvikling, mellom anna av systemmalar.

- **Bistå kommunane med å lage oppdaterte systemoversikter.**

Fleire kommunar har no oppdaterte oversikter, men det er framleis behov for arbeid både for å vedlikehalde oversiktene og for å få med dei resterande kommunane. KAV håper at kommunar som er knytte til IKT-fellesskap kan samkøyre arbeidet sitt i dette samarbeidet.

- **Få inn arkivuttrekk til digitalt depot, spesielt frå dei kommunane som ikkje har kome i gong med dette enno.**

No har alle kommunane levert uttrekk til digitalt depot. Vi arbeider jamleg med å få inn nye uttrekk for å sikre dokumentasjonen frå systema i kommunane. Nytt av året er at fylkeskommunen no har deponert uttrekk hos KAV.


Standardisering av formatering på mottekne deponeringar er ein pågåande prosess. Deponeringsloggen veks, og nye uttrekk vert prioriterte fortløpande.

- **Ha dialog med IKT-selskapa om arkivuttrekk og deponering**

Vi har i 2025 hatt mykje tettare dialog med IKT-selskapa om korleis vi jobbar og kva vi kan bistå med. Vi har mellom anna delteke på SysIKT si fagsamling for arkiv, og har vore i Førde for å gje opplæring i arkivuttrekk.

- **Tilby innsynsløysinga KDRS søk og vis til kommunane.**

KAV kan no tilby oppslag i deponerte databasar. I 2025 har vi prioritert fagsystemet Visma Familia for malsatt oppslag. Om lag alle kommunane har avlevert uttrekk frå Familia, men enno har ingen signert avtale om sjølvbetent oppslag ute i kommunen.



7 Skjermbilete frå innsynsløysinga KDRS Søk og vis

- **Tilby opplæring og rettleiing i bruk av KDRS søk og vis.**

Vi har hatt ein del opplæring og rettleiing direkte til kommunar, som ein pilot i bruk av KDRS søk og vis. I tillegg hadde vi ein demo på konferansen vår i april, der alle som ville fekk teste ut innsynsløysinga.

- **Intern kompetanseheving på mottak av elektroniske arkiv.**

Vi har òg arbeidd med intern kompetanseheving knytt til mottak av elektroniske arkiv. Det har vore gjennomført opplæring i handtering av elektroniske arkiv frå kommunane, noko som har vore vellukka.

### Deponeringsrapport for 2025

Per 31.12.2025 hadde vi 253 deponeringar i digitalt depot. Det totale datamaterialet vi har motteke frå kommunane våre er på nær 35 TB. Av dette er om lag 6,4 TB deponert i fjernlager hos KDRS.

Deponeringar	GB	Frå	Til
11	1,107.81	2025-01-01	2025-12-31
78	5,289.37	Oppstart	2025-01-01
89	6,397.17	Totalt	

### Deponeringar per arkivskaper

Arkivskaper	Deponeringer	GB
1416 Høyanger kommune	1	0.07
1421 Aurland	1	0.08
1430 Gaular kommune	1	0.02
1431 Jølster kommune	1	0.02
1432 Førde kommune	1	0.18
1433 Naustdal kommune	1	0.01
4600 Vestland fylkeskommune	2	867.31
4602 Kinn kommune	7	764.89

4635 Gulen kommune	1	6.63
4637 Hyllestad kommune	1	29.54
4638 Høyanger kommune	1	5.80
4639 Vik kommune	1	6.41
4639_Vik kommune	2	82.09
4640 Sogndal kommune	18	1,264.02
4642 Lærdal kommune	2	144.13
4643 Årdal kommune	6	210.51
4644 Luster kommune	10	414.55
4645 Askvoll kommune	3	90.89
4646 Fjaler kommune	3	226.94
4647 Sunnfjord Kommune	3	171.02
4648 Bremanger kommune	5	138.77
4649 Stad kommune	5	31.61
4650 Gloppen kommune	9	1,919.89
4651 Stryn kommune	3	21.76
ÅLAV - kommunalt samarbeid - Vik, Årdal. Lærd	1	0.07
<b>Totalt</b>	<b>89</b>	<b>6,397.17</b>

### 5.3. Arkiv skapt før 1964

Vi har teke inn det aller meste av dei eldre arkiva til medlemskommunane til depot allereie. Vi har teke i mot dei eldre arkiva frå Årdal og Vik kommune, som fram til hausten 2025 har hatt arkiva ståande i eigne lokale. Desse skal med tida ordnast, registrerast og katalogførast i tråd med avtale om basistenestene våre. I tillegg dukkar det stadig vekk opp enkeltprotkollar eller små arkiv rundt om i kommunane. Ordning av desse arkiva inngår som ein del av i basistenestene.

#### Mål for 2025 og oppfølging av desse:

- **Ordne utvalde eldre arkiv som har stor kulturhistorisk verdi og som det er mykje etterspurnad etter.**

Vi har ikkje prioritert å ordne eldre arkiv i 2025.

- **Alle kommunane sine arkivkatalogar på Arkivportalen vert oppdaterte og kontrollerte i løpet av 2025.**

Kommunane har tilgjengeleg arkivkatalog på arkivportalen.no, men deler av arkiva er framleis ikkje med i oversikta grunna periodar med manglande registreringsrutinar og etterslep i oppryddingsarbeidet. Vi starta på eit større arbeid med å gå gjennom og kvalitetssikre registreringar av eldre arkiv frå alle kommunane i 2025, men det står framleis igjen ein del arbeid.

- **Digitalisere og tilgjengeleggjere skulearkiv.**

Skulearkiv frå fleire kommunar vart ordna, digitalisert og publisert på Arkivportalen.no.

## 5.4. Arkiv skapt etter 1964

Det nye arkivbygget er bygd for å vere mest mogeleg plasseffektivt, og det er difor ikkje bygd hyller for arkiv med ukurant storleik. For å kunne ta imot spesielt eldre arkiv, og andre arkiv med ukurant format frå kommunane, måtte vi lage plass i arkivmagasinet på fylkeshuset. Dette er grunnen til at vi flytta 1330 hyllemeter med arkiv frå fylkeshuset og opp i nytt arkivbygg, og til at 773 hyllemeter måtte få ny hylleplassering i eksisterande magasin.

Som ein konsekvens av denne flyttinga, har vi gått gjennom og oppdatert arkivregistreringar for alt personregistermateriale vi har frå kommunane. Dette har også ført til at vi kan betene desse arkiva mykje meir effektivt.



8 Espen Sæterbø går gjennom eldre arkiv som kom inn frå ein av medlemskommunane i 2025.

## 6. Digitalisering og ordning

Kommunearkivordninga tilbyr ordning og digitalisering av arkiv på oppdrag for våre medlemmar. Vi handsamar også førespurnader på arkiv under digitalisering, sokalla digitalisering på bestilling.

## 6.1. Digitalisering

Fleire kommunar inngår digitaliseringsavtalar på papirarkiv som er mykje i bruk. Målet med digitalisering av papirarkiv er mediekonvertering for å bevare arkiv og effektivisere kommunal sakshandsaming.

I 2025 jobba tre medarbeidarar fast med det vi kallar fullskanning. Det betyr at vi startar på gards- og bruksnummer 1/1 og skannar oss kronologisk igjennom heile arkivet. Skulle kommunen trenge arkiv knytt til eit gards- og bruksnummer før vi har kome dit i fullskanningsprosessen, kjem dette som digitalisering på bestilling (DPB) og blir teke ut av rekkefølge. Slik får kommunen heile tida tilgang til det dei treng i arkivet sitt, uansett kor langt vi har kome i skanninga. DPB er ein del av avtalen, og inkludert i det kommunane betalar for digitaliseringsarbeidet. I 2025 jobba vi med fullskanning av desse arkiva:

- Førde kommune, byggesaksarkiv (avslutta i 2025)
- Aurland kommune, byggesaksarkiv
- Gulen kommune, personalarkiv (oppstart i 2025)
- Hyllestad kommune, byggesaksarkiv (avslutta i 2025)
- Bremanger kommune, byggesaksarkiv (oppstart i 2025)

I tillegg til digitalisering som vert gjort i samband med prosjekt, har vi skannarstasjonar for å ekspedere ut førespurnader kjapt og effektivt, og vi har ein bokskannar som vert brukt til å skanne eldre protokollar. I 2025 fekk vi kjøpt inn ein ny bokskannar, i samarbeid med resten av seksjon arkiv.



9 Aurora Myro på ordningsrommet på fylkeshuset

## 6.2. Ordning

I 2025 hadde vi to fast tilsette som jobba med ordning av arkiv. Dei jobba i all hovudsak med å ordne arkiv etter Gloppen og Aurland. Dei tek også innsynsførespurnader i arkiva som dei ordnar. Ordningsmedarbeidarane brukte i 2025 også ein del til på å bistå i dagleg drift, mellom anna ved å ta innsynsførespurnader og ved å vere med på internflytting og mottak av arkiv. Desse timane vart dekkja av midlar frå driftsfondet, i tråd med budsjettvedtak.

Vi har fleire ordningsprosjekt som står på vent, og har inngått fleire nye avtalar i 2025. Vi jobbar stadig med å finne ein god balanse mellom tal tilsette og oppdragsmengd. Det som er aller viktigast er at arkiva til kommunane står trygt og sikkert, og at vi kan finne fram til det kommunane har behov for til ei kvar tid.

## 7. Arrangement

Arrangement er viktige møteplassar som danner grunnlag for fagleg dialog, utvikling og nettverksbygging. Vi har faste arrangement for medlemskommunane våre, og deltek ofte som arrangør av andre arrangement.

### Satsingsområde for 2025 og oppfølging av desse:

- **Arrangere kommunearkivkonferansen på Skei i 2. og 3. april.**

Den årlege kommunearkivkonferansen på Skei gjekk som planlagt, med godt oppmøte. Det var nesten 30 deltakarar frå 18 av dei 19 medlemskommunane våre.

- **Arrangere eitt eller fleire webinar kvart halvår.**

11. februar arrangerte vi webinar for kommunane om deponering av papirarkiv. 25 arkivtilsette deltok frå kommunane.

Vi vidareformidla invitasjon til Arkivforbundet sine gratiswebinar om ulike arkivfaglege tema gjennom året, og orienterte om at desse også er tilgjengelege digitalt i etterkant av sjølve arrangementa.

- **Arrangere kurs for kommunane dersom det er interesse for det.**

I november hadde vi to kurs med tema lovverk og sakshandsaming for tilsette i Kinn kommune. Det var identiske kurs på to separate tidspunkt, og det var stor deltaking.

- **Bidra i produksjonen av lokalhistorisk webinar.**

Lokalhistorisk webinar vart arrangert 8. april 2025. Årets tema var knytt til Utvandrarjubileet som vart markert i Vestland fylkeskommune gjennom heile 2025.

- **Dele informasjon om aktuelle arrangement eller kurstilbod i nettverket.**

Vi vidareformidla invitasjon til Arkivforbundet sine gratiswebinar om ulike arkivfaglege tema gjennom året, og orienterte om at desse også er tilgjengelege digitalt i etterkant av sjølve arrangementa.

## 8. Formidling

Vi jobbar med formidling fordi folk skal kjenne til at arkiva finst. Arbeidsfeltet *formidling* dekkjer arbeidet med informasjon til brukarar av arkivmateriale. Til dette arbeidsfeltet høyrer landingssida for seksjonen på vlfk.no og tilhøyrande publiseringskanalar, registrering av arkiv og publisering av arkivkatalogar, digitalisering av kjelder, artiklar til ulike tidsskrift, foredrag og samarbeid med brukargrupper.



10 På lesesalen vår på fylkeshuset kan lesesalsgjester kome og sjå på ulike arkiv og kjelder, etter avtale.

**Satsingsområde for 2025 og oppfølging av desse:**


- **Utarbeide skjemaløysing for innsynsførespurnader i samarbeid med resten av seksjon arkiv.**

Dette har vorte utsett til 2026.

- **Lansere og vidareutvikle Kringom – ei ny formidlingsteneste for kultur- og naturhistorie i samarbeid med resten av seksjon arkiv.**

Den nye kunnskapsportalen Kringom vart lansert i desember 2024. Dette er eit samarbeid mellom VLFK og UiB. KAV har vore med i arbeidsgruppa for prosjektet, og kjem til å bidra også i redaksjonen. Sida vart offisielt lansert i 2025, og leiar av KAV presentere løysinga for fylkestinget 18. mars.

Kringom er under kontinuerleg utvikling, med tanke på innhald. KAV bidreg med innhald, som artiklar, med varierende mellomrom.



11 Skjermbilete av kringom.no

- **Gjere tilgjengeleg meir av det digitaliserte arkivmaterialet vårt på Digitalarkivet.**

Vi har fått gjort protokollane for kommunestyre/formannskap fram til 1964, tilgjengeleg på Digitalarkivet. Tidlegare låg dette digitalt tilgjengeleg på våre eigne heimesider, på fylkesarkivet.no, fram til denne vart stengt ned i 2025.

- **Formidle arkiv som omhandlar utvandring i samband med Utvandrarjubileet.**

Vi har bidrege med artikkelskriving, til fleire av formidlingsprosjekta frå seksjon arkiv i samband med Utvandrarjubileet. Det mellom anna blitt laga artiklar til Kringom, og eigne formidlingskonsept via plattform StoryMap som har vist publikum ulike sider ved utvandringshistoria der arkiv frå kommunane har blitt nytta som kjelderressursar.

- **Produsere innhald på Lokalhistoriewiki og/eller Wikipedia.**

I samband med arbeidet med dei kommunale skulearkiva har vi også produsert noko innhald til Lokalhistoriewiki/Skulen min.

- **Slutføre forprosjekt på møtebokregister i samarbeid med resten av seksjon arkiv.**

Seksjon arkiv har tidlegare fått midlar til to forprosjekt gjennom Arkivverket sine utviklingsmidlar: Møtebokregisteret - ein kjeldeopnar til lokalhistorie og Forprosjekt for ei digital infrastruktur for handsaming og publisering av notar og tekstar. Vi har jobba med desse to prosjekta under eitt, fordi prosjekta har i stor grad samanfallande prosjektmål, aktivitetar og milepålar.

Vi har i 2025 jobba vidare med å sjå på moglegheiter og risikofaktorar for å lage ei felles moderne teknisk løysing som kan betre arbeidsflyten og legge til rette for formidlingsarbeid og publikum. Forprosjektet vart avslutta med ein sluttrapport, men det er framleis uavklar kva som vert vegen vidare for desse løysingane. Vi jobbar vidare med dette i 2026

- **Dele erfaringar og informasjon aktivt med kommunane på intern Teams-kanal.**

Vi nyttar Teams til å dele informasjon med tilsette i kommunane. Dette fungerer i stor grad som ein informasjonskanal til arkivtilsette i medlemskommunane. Her deler vi lenker om aktuelle kurs, viktige hendingar for KAV, og annan relevant informasjon.

- **Anna**

I tillegg til desse måla jobba vi også med å formidle arkiv til studentar og skuleelevar, både gjennom besøk frå United World College og opplegg for ungdomsskuleelevar.

## 9. Satsingar og kompetanseheving

### 9.1. Intern kompetanseheving

I februar deltok tre KAV-tilsette på fagsamling i regi av SysIKT for sine medlemskommunar. Her deltok både Documaster, KDRS og andre IKT-selskap, og vår elarkivar presenterte oss, vårt arbeid og målet med innsynsløysinga vår.

I mars deltok vi på eit seminar i Gloppen der Sopra Steria presenterte automatisering og bruk av KI i postmottak. Seinare presenterte arkivleiar frå Gloppen dette prosjektet for alle kommunane på konferansen vår i april.

I mai arrangerte Vestland fylkeskommune mangfaldsveke, og tilsette ved KAV fekk tilbod om å delta på fleire ulike seminar og foredrag om alle typar mangfald i arbeidslivet.

I starten av juni deltok to KAV-tilsette saman med to tilsette frå Vestland fylkeskommune på KDRS-samling i Trondheim. Dette er ei viktig samling for elarkivarar, med stort fokus på kunnskapsdeling og nettverksbygging.

12. og 13. juni var tre tilsette ved KAV på hospitering hjå IKA Kongsberg for å lære meir om arbeid med skada arkiv og om å ta i bruk eit nytt arkivbygg.



I samband med nytt arkivbygg har vi fått opplæring i reolsystem og andre tekniske installasjonar i bygget. I tillegg til dette har fleire tilsette gjennomført lift-kurs for å kunne jobbe med lift eller personløftar i høgda.

I august deltok leiar av KAV på studietur med styret i Arkivforbundet til Trondheim og Røros. Vi besøkte fleire ulike arkivinstitusjonar og arkivfaglege miljø, som til dømes Norsk Senter for folkemusikk og folkedans, Orkla industrimuseum, Arkivsenteret Dora, NTNU, KDRS, IKA Trøndelag, Anno museum og Norsk helsearkiv.

*12 Opplæring i sanering hjå IKA Kongsberg*

## 9.2. Regionale og nasjonale arkivnettverk

Kommunearkivordninga er medlem i og ein av eigarane av **KDRS**.<sup>vi</sup> Eigarane er kommunale og interkommunale arkivinstitusjonar frå heile landet. KDRS arrangerer årlege seminar for IKT-arkivarar og samlingar for leiarar i eigarinstitusjonane. Vi deltok på begge desse i 2025.

Vi deltek i **Arkivråd Vestland** saman med andre arkivinstitusjonar i fylket.

Dagleg leiar og leiar deltok på **KAI-leiarmøte** i Oslo i februar. Dette er ein møteplass for Arkivverket og leiarane for kommunearkivinstitusjonar i landet.

Dagleg leiar representerte oss på den årlege **KAI-konferansen** i år, då vi nedprioriterte deltaking grunna travle dagar med mottak av papirarkiv.

Leiar i KAV sit i styret i **Arkivforbundet**, ein fagpolitisk interesseorganisasjon som jobbar for å fremje bevaring og formidling av kommunale arkiv og privatarkiv, og for å heve den faglege kvaliteten på arbeidet. Som styremedlem i Arkivforbundet har leiar også hatt ein styreplass i **ABM Media**, eit ikkje-kommersielt aksjeselskap med formål om å publisere frie og uavhengige fagblad for arkiv-, bibliotek- og museumsfelt. Det går mot avvikling av ABM Media, og overføring av tidsskriftet Aksess til Arkivforbundet.

Leiar i KAV var også med i styret i **Wikimedia Norge i 2025**. Wikimedia Norge er ein frivillig organisasjon som arbeider for at kunnskap skal bli fritt tilgjengeleg på Wikipedia og dei andre Wikimedia-prosjekta. Wikimedia har i mange år jobba for å styrke ABM-sektoren, både med tanke på relevans og synlegheit. Dette er ei viktig satsing på ein arena der folk flest søker etter kunnskap og informasjon.

---

<sup>i</sup> Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS er arkivinstitusjonen som dekker kommunane i tidlegare Hordaland.

<sup>ii</sup> [Avtale om disponering av tilsette og andre praktiske bidrag mellom Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap og deltakar i samarbeidet: Vestland fylkeskommune \(lenke til pdf\).](#)

<sup>iii</sup> [Ny arkivlov - Høyringsvar frå Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap \(lenke\).](#)

<sup>iv</sup> [Merknader og kommentarar til arkivforskrifta frå Kommunearkivordninga i Vestland KO \(lenke\).](#)

<sup>v</sup> [Sjå Arkivforbundet sine webinar i opptak \(lenke\).](#)

<sup>vi</sup> KDRS står for Kommunearkivinstitusjonenes Digitale RessursSenter SA